

# Frå periferi til periferi. Heime hjå Olav Sletto.

Eva Almhjell, sosiolog, høvering, leiar i Olav Sletto-selskapet 2012-2019.  
Foredrag til Olav Sletto-dagen 2019, Leveld Kunstnartun, 12. oktober 2019.



Garden Sletto i Holsbygda. Slettos fyrste bustad.  
Foto: E. Almhjell 2019.



Geilotun. Slettos siste bustad (glastilbygget er nytt).  
Foto: E-C.Skaarberg 2019.

## Om å velja og vilja eit liv i periferien

Geografisk kom han te i periferien – i 1886 i Sletto i Hol, dvs. frå fjellbondeslekt i bygde-Norge.

Geografisk var det på bygda han døydde – i 1963 på Geilo.

Geografisk *valde* han periferien som bustad – heile livet. Var det dette han *ville*?

Galdt dette også Olav Slettos litterære produksjon?

Var han i periferien også mentalt? I sine historisk-religiøse verk - og i heimstaddiktinga si?

Hvis ja; *valde* han også denne ståstaden? Var det den han *ville*?

Kvifor valde og ville han slik han gjorde? Var det ein raud tråd i vala hans? Såg han attover for å finne ein farbar stig framover? Og kva var framover – for Olav Sletto?

## Diktar av kall

Han var diktar av kall, og kallet var å føra bonden fram til åndeleg vekst. Han visste at serleg fjellbonden hadde eit potensiale som berre venta på forløyising. Og Olav Sletto ville forløyse.

Vart åndeleg vekst også Olav Slettos store pedagogiske prosjekt? Eit prosjekt han dreiv fram i tale og skrift? Som talar? Som lærar? Denne retorisk begavelsen! Denne verbale forføraren av rang! Stod han aleine på denne valen? Eller stod han i ein straum saman med andre landsmålsforfattarar i si samtid? Det lurar eg på. Noko eintydig svar har eg ikkje, men eg har ei undring. Og inviterer lesaren til å bli med på den.

## **Per-bøkene – ein strålande inngang til diktaren**

Heilt sea veten 2011, då eg las Per-bøkene, har eg prøvd gripe Olav Sletto – mannen og diktaren. Per-bøkene vart ein strålande inngang til diktaren, men breva mellom han og kona, Karin, og alle bøkene med historisk-religiøse tema gjorde han fremmand for meg. Han var liksom temmeleg på sida, ein einstøing. Noko heilt for seg sjølv. Men, grubla eg, var han ikkje del av ei tidsbølge, ein trend i si samtid – også?

Det var fyrst då eg las Arild Stubhaugs biografi «Frå periferi til sentrum» om Stein Rokkan, den kanskje mest kjente sosiolog og samfunnsvitar – i alle fall utanfor Norges grenser – at eg fann knaggar for mine spørsmål om Sletto og hans moglege plassering – fyrst geografisk, så litterært. Eg meinte å finne ein tunn stig inn til det han kan synast vera ein del av. ... kanskje?

Eg nærmar meg fyrst Sletto geografisk eller fysisk, altså Sletto og heimane hans. Det var Rokkans begrepspar sentrum-periferi og motkultur som sette meg på tanken. I Sletto sine heimar kjenner eg meg som ein ubeden gjest, og er i min rolle som observatør, truleg ikkje særleg velkomen.

Når det gjeldt forfattarskapen hans, og kva straum han moglegvis sto i, har eg hatt nytte av Jan Inge Sørbo og «Nynorsk litteraturhistorie», storverket Samlaget gav ut i 2018. På denne arenaen kjenner eg meg velkomen.

## **Om begrepsparet sentrum-periferi, og motkultur som periferien sin motvilje mot sentrum.**

Stein Rokkan brukar begrepsparet sentrum – periferi i si analyse av maktforholda i norsk historie, dvs. motsetnaden mellom by og land. I sentrum/hovudstaden sat eliten, den økonomiske, sosiale og kulturelle med si økonomiske, kulturelle og retoriske makt, si definisjonsmakt. I periferien levde folk sine kvardagsliv som krevde alt av dei for å få mat i huslyden og overleva under vekslende naturforhold. Deira røynslar var lokale og praktiske. Dei mangla det store oversynet over samfunnet og utviklinga av det, heitte det blant dei toneangivande i den urbane eliten.

Rokkan tek også i bruk begrepet motkultur, ei nemning han nyttar for den motviljen periferien møtte sentrum med, og som er det dynamisk element i forholdet mellom sentrum og periferi. Motkulturen var ei rørsle frå periferien mot sentrum, ein protest mot embetsmannsveldet, herunder kyrkja og prestane som var utdanna/indoktrinerte i København, mot det danske språket og den urbane livsform.

Sentrum i mi fortelling om Olav Sletto no er konkret Kristiania/Oslo. Der held kultureliten til. Periferi er i grunnen alt utanfor sentrum, og jo lenger unna desto meir periferi. Sentrumseliten såg på seg sjølv som dei framstegsvennlege, dei med vitskapen og dermed kunnskapen på si side. Dei såg framover og brukte

teknologiske nyvinningar som styringsverktøy. På landet – i periferien – var det tradisjonen som ga retning inn i framtida.

Til tradisjonen hørde forsvar av jorda, jordarbeidaren og garden. Hertil kom forsvaret av det norske språket/landsmålet, nasjonsbygginga, verdigrunnlaget etc. kort sagt – det norske.

### **Periferi og sentrum - Olav Slettos røter og verdigrunnlag**

Olav Sletto var født på ein liten gard oppunder himmelkvelven i Holsbygda, så langt uti periferien det gjekk an, kan ein si. Han var avhaldsmann, målmann, republikanar, venstremann, antimodernist og han husa ein sterk motvilje, ja, hat mot alt det industrialiseringa førde med seg av skitt og støy, sædløyse og sekularitet [Charles Chaplin har synt alt det Olav Sletto hatar i filmen «Modern Times»]. Han engasjerte seg i mykje, Olav Sletto, – men framfor alt brann han for folkehøgskolen. Arild Stubhaug seier at alt dette er kjenneteikn som Stein Rokkan nyttar når han definerer begrepet motkultur, den motviljen, protesten og motstanden som vaks fram i periferien. Olav Sletto var utan tvil, som mange av landsmålsforfatarane kring og etter førre århundreskiftet, del av denne kulturelle og politiske motkulturen.

### **Vi nærmar oss heimane**

Slettos hadde mange heimar i si levetid. Mange heimar betyr flytting frå stad til stad. For Olav var flyttinga noko *han* valde og ville. Han såg moglegheitene i nye arbeidsplassa og dermed nye bustader. For kona Karin tok det seg noko annleis ut.

Om flytting si Olav Sletto i ELVELAND 1924 (s. 29-30):

*Eg sit no og tenkjer paa at for mange eg kjenner er flytting ei stor uheppe, so det gaar for seg med sorg og hjarteverk. Dei er ynke verde. For dei er i so maate ikkje lenger komne enn planta; dei maa so plent ha den gamle mold um røtene skal dei trivast. ... Sik har eg for min aprt aldri vore. Eg finn beint fram vekkjing og hugnad i det at eg maa leva meg inn i ny natur og nye tilhøve. Der arbeidet mitt set meg ned, der kjenner eg at eg høyrer heime. Og gjer meg heime.*

### **Olav Sletto - og val av bustader**

Sørbo skriv om landsmålsforfatarane og dei litterære nasjonsbyggjarane at dei mista litterært fofeste etter 1905 (unionsoppløysinga med Sverige). Om no det var tilfelle, så var Olav Sletto klar på sine val av bustad: Han skulle bu på landet – i periferien. Han nekta plent å by i byen.

Ekteparet sette seg fyrst i Vollen i Asker, så i Darbu i Eiker, deretter Årnes/Sørumsand på Romerike, og så til slutt heim att til Hol/Geilo. For Olav var ringen slutta [utdjupe stoff fins på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) /taleferdartiklar].



Vesleheimen 1945. Foto: Ludvig Pedersen. Fotomontasje: Hol bygdearkiv.

### **Vesleheimen – Vollen i Asker**

Den fyrste heimen tufta Olav og Karin i Vollen i Asker. Vollen var på begynnelsen av 1900-talet på landet, verkeleg heilt ute i periferien. Kona Karin kjente seg forvist, men prøvde gjera det beste ut av situasjonen. Medan Sletto sjølv var på taleferder minst halve året, var Karin og ungane bufast i Vesleheimen. Vesleheimen låg vakkert og solrikt til, men ein gamal isdam like framma verandaen mot sør. Tomta dei fekk, hørde til Bryde-familiens store landstad i Vollen. Kvar gong flytting kom på tale, ymta Karin om å bu nærare sentrum, tettare på den kulturelle metropol i Norge, Kristiania. Men det bar heller meir og meir ut på landet.



Foto henta frå Arild Mikkelsens bok om Buskerud folkehøgskole, 2009.

### **Solfeng – Eiker i Buskerud**

I Vollen budde dei frå 1912 til Olav flytta våren 1917. Karin og dei tre ungane, som kom til på under fire år i Vesleheimen, kom etter ein gong i 1918. Dei slo seg ned i Darbu i Eiker. Heimen kalla dei Solfeng.

Derfra kunne Olav Sletto halde fram med å vera motkulturell. Folkehøgskolane, som hadde sitt rekrutteringsgrunnlag blant bondeungdommen utover bygdene, var, som nemnt, del av det motkulturelle, slik Stein Rokkan såg det.

Det var likevel ikkje berre protesten mot sentrum, motkulturen, som la føringar på kvar dei busette seg. Då dei flytta frå Vollen til Eiker, var det fordi Olav hadde fått fast

post som lærar ved Buskerud folkehøgskole. [Folkehøgskulene låg gjerne i periferien. Det var ei meining med det]. Då slapp han taleferdene, som i det lange løp sleit på så vel han som kona. Sletto-biografen Lars Reinton skriv i «Ei bok om Olav Sletto» [1966] at dikteren var i konstant pengeknipe – heile livet. I Vollen fekk dei, som vi hugsar, hjelp av Karins familie med tomt og hus. Det daglege brød skaffa Olav ved sine taleferder. Det vart meir enn 70 av dei i åra mellom 1910-1917. Ellers var det i denne familien som hjå dei andre på denne tida, mannens arbeidsplass avgjorde bustad. Han var letta over endeleg å sleppe til som lærar, for då kunne han nå ungdommen, og bruke somrane til å skrive. Det var forfattar Olav Sletto var. Rett nok sa han nei til eit tilbod om ei redaktørstilling fordi han då måtte bu i byen [Kristiania], men då han flytta til Darbu i 1917, var det Slettos jobb som lærar ved Buskerud folkehøgskole det som gjorde valet naudsynt.

Forholdet mellom rektor ved Buskerud folkehøgskole, Olav Langeland, og Olav Sletto var frå starten anstrengt. Konflikten hadde sine røter attende til 1908, då Sletto ei tid var student ved Askov høiskole i Danmark, den største og mektigaste i Norden. Der «fortryllete» han pigerne, som han rett ut tala «kyssede», iflg. Askov-rektor Apel. Diktaren forsvara seg med at han inkje anna gjorde med pigerne der enn det han gjorde heime i Hol.

Den frittgåande Casanovaen vart oppsagt, og ryktet gjekk heilt til Norge og den strenge Olav Langeland. Etter dette gjekk det ti år før ein lærarpost vart ledig for Olav Sletto ved Langelands folkehøgskole. Dei kom aldri heilt på talefot, dei to Olavane, og for Olav S var det ei stor lette då han vart tilbydd rektorstilling ved Romerike folkehøgskole. Dit kom han i 1923. I heimen sleit dei. Fyrst i 1924 kom Karin og ungene etter. Då hadde det vorte fire av dei: Eva, Randi, Bjørn og Irene. Den siste kom til i Eiker i 1923.

### **Romerike folkehøgskole – Årnes**

Det var altså nok ei gong Olavs arbeid som bestemte bustaden for familien. På Romerike vart dei i kring 20 år. Sletto var viden kjent som ein framifrå talar. Også som lærar hadde han godt ry. Snart vart søknaden til skolen så stor at ikkje alle kunne sleppe inn fyrste året dei søkte. Styraren arbeidde seg nesten i hel, skriv Sletto til Reinton kring midten av 1920-talet, men han stortrivdest. Han var også sers nøgd med lærarane sine. Det var ei lette for han å koma seg vekk frå Buskerud folkehøgskole.

Det var mykje besøk i rektorbustaden på toppen av skolebygningen, og god plass for gjestene til å overnatte. Til med mor til Olav, Anne Sletto, gift Olsen, kom dit – ei gong på 1930-talet. Ho kom frå Oslo, bar bunad [som var det høgtid] og var truleg sjuk. Sonen var ikkje på god fot med mor si, men han hadde vitja henne på Geilo i februar 1915, under ei taleferd i Hallingdal. No kom ho til han. Kva ville ho? Ingen veit. Det vart med denne eine gongen. Han såg ho ikkje att før ho døydde sommaren 1946, og han var ikkje med i gravferda. Til det var han for sjuk, etter det han skriv til Reinton, som kanskje var ein av fleire som undra seg over Olav. For han var heller ikkje med då bestemor Birgit vart jordfest i 1918 og heller ikkje ti år seinare, då bestefar Gamle-Jens gjekk same vegen.

### **Bingen gard i Trøgstad – og krigen**

Rektorboligen på Årnes/Sørumsand var heimen til Slettos heilt fram til ei gong i 1943. Då vart han og Karin jaga frå styrarboligen av nazistane. Resten av krigen budde dei på Bingen gard i Trøgstad. Det vore feil å si at denne bustaden var vald ut frå Olavs arbeidsstad, men som forfattar var han aktiv, uansett bustad. Det var forfattar Sletto var. Sletto-heimane på Romerike vart forreisten også ein transittstad for patriotar på flukt til Sverige under krigen. Mange var takksame for det.

Olav Sletto skreiv altså bøker same kvar han budde og korleis verda såg ut rundt han. Minst ei bok i året. Også under krigen. I Årnes kom dette på toppen av rektorstilling og oppbygging av ei folkehøgskole etter hans hjarta og tanke. Olav Sletto hadde ein utruleg arbeidskapasitet.



Villa Lunde, mors hus på Geilo. Foto: E. Almhjell 2016.

### **Villa Lunde - Geilo**

Sommaren 1946 døydde Anne, mor til Olav Sletto. I 1913 hadde ho fått sett seg opp ein stor villa på Geilo, med 8 rom og dertil eit sommarhus i hagen. Anne og mannen, svenske Theodor Olsen [han døydde i 1939], nytta romma i fyste høgda i hovudbygningen. Resten var leigd ut, til folk i den nyetablerte industrien på Geilo, og turistar, som strøymde til den nye stasjonsbyen etter opninga av Bergensbanen – og Dr. Holms hotell – i 1909. Anne hadde vore i Vestfold og lært litt om det vi i dag kallar småskalaturisme. Villa Lunde vart drive i denne ånd, og Anne, tenestjente og vaskekone, ville truleg vore sett på som gründer om ho hadde levd i våre dagar. Sonen var, som nemnt, ikkje på talefot med mor si, men det ho hadde bygd opp, nytta han seg likevel av. Truleg hadde han lite anna val.

Hausten 1946 flytta sonen inn i mors hus, saman med ei motvillig Karin. Geilo vart for henne, etter det Eva Cecilie Sletto, eldste barnebarnet til Olav og Karin fortel, ein stad å mistrivast. Ho redda seg til Oslo [etter 1927] så ofte ho kunne, la seg inn på kurbad og budde hjå barna sine i byen – eller på Bondeheimen. Mens Karin vart «heimlaus», kom mannen hennar heim, bokstaveleg tala og i overført tydig. Heime sat Olav og skreiv. Han trivdes i mors hus og skreiv mange bøker her, m.a. Olverbøkene, ein sjølvbiografisk roman i 6 bind, Broder Hans om Hans Nilsen

Hauge, dei tre siste binda ev «Soga om Røgnald-folket» mfl. Han var på heimebane – både litterært og geografisk.



### **Geilotun – Geilo – siste stasjon**

Eg sa at Olav Sletto sat skreiv Olver-bøkene i mors hus på Geilo. Det rette er at det siste bindet, det sjette, skreiv han på aldersheimen Geilotun, dit Olav og Karin flytta i 1959. Det vart deira siste bustad. Olav var klar til det siste, Karin levde i mange år i si eiga verd.

Eg sa at Olav Sletto forakta det moderne - innan økonomi, generelt samfunnsliv og spesielt innan kunst og kultur-feltet. Det var ein ståstad han delte med Alf Larsen, åndsfrende framfor nokon. Dei spara ikkje på vondorda om modernistane, desse to! Arne Skogheim har transkribert [delar av] brevveksling mellom dei [publisert i Olav Sletto-selskapets årshefte 2008. Les sjølv. De finn alle årshefta på nettstaden <http://www.olavslettoselskapet.no/arshefter/> ].

Olav Sletto held fram, kan vi slå fast, med å vera motkulturell i periferien, i bygda, til siste slutt.

Men levde han også i periferien i bøkene sine? Levde han også sitt litterære liv i ein slags åndeleg periferi? Det var eit av spørsmåla eg tumla med, og som eg no ser litt nærmare på.

### **Litterær ørkenvandring - eit diktarliv i åndeleg periferi?**

Han debuterte med ein roman frå fjellbygda. Så tok han ut på ei ferd som skulle vara omtrent frå krig til krig. Då gjekk han til norrøn og kristen mytologi. Han skreiv LOKE-kvartetten og ei mengd bøker med historisk-religiøst stoff. Det var som om han ville støype bibelfortellingane - om Jesus, Paulus, Stefanus og alle dei hine i si eiga støypeskjei. Nokon kallar denne ferda for Olav Slettos litterære ørkenvandring. Eg skal oppsummere mot slutten.

Men fyrst tek eg ein sveip innom professor Jan Inge Sørbo og storverket «Nynorsk litteraturhistorie» [2018] som kan vera med å utdjupe kva tradisjon Olav Sletto sto i – som motkulturell.

I 1905 vart unionen med Sveige oppløyst. Det førte til endringar for alle dei motkulturelle t.d. i målrørsla, dei som såg på seg sjølve som nasjonsbyggjarar før 1905. Sørbo skriv at dei fleste av dei mista retninga etter unionsoppløysinga og vart ein flokk med einstøingar og super-individualistar utan felles plattform.

### Slettos forfatterskap i nynorsk litteraturhistorie

I 1911 var Olav Sletto tidleg i si karriere som forfattar. To bøker var komne ut: «Dei gamle» [1908] og skodespelet «Sanddal» [1910]. Sletto ville ikkje vera heimstaddiktar, slik han uviljandes vart gjort til av kritikarane i 1908. Temaet i debutboka var skildringa av eit strevsamt og godt liv, og ein verdig død, for fjellbonden Per. Alt i neste bok, dramaet «Sanddal», har han skifta genre, tema og tone. Sanddal er ein religiøs karakter som kjem til bygda med inspirasjon frå utemisjonen. Den vil han bruke på sine heimbygdingar.

Han sette bygda på hovudet med sin forførande, religiøse retorikk. Især [dei unge] kvinnene. Men då ordførardottera sluttar seg til den nykristne flokken, set gamleordføraren, far sjølv, ned foten og får bygda på føtene att. Slettos bodskap kan lesast som ei åtvaring mot vekkingsrørsler, religiøs og annan fanatisme, som det var fleire av i Hallingdal både før og i hans tid.

Så gjorde han enda ei litterær vende, ei religiøs ferd i refortolking av bibelhistoria? I boka «Tenaren» [1914], tek han for seg fortellinga om Jesu liv – på sin måte, og bodskapen er klinkande klar: **det er i nederlaget sigeren ligg**. Ein kan lure på om han bygde på eigne røynsler – og eiga von - i så måte.

*Han er tydeleg på kva han vil med diktinga si: Me vil påverka sjelene, me vil fylle hugane med syner, aning, tru, reinleik, glede. Vekkje stor lengsel i menneski. Me vil verka inn på lesarens viljesliv og soleis vera med når han byggjer sin karakter. Vera med han til det gode. Det materialistiske livssynet kjempar me imot med å syne fram viljekamp og karakterkamp. ... Spiritualismen må få sin rett. ... [Dale/Reinton, 1966, s. 76].*

Men diktaren Olav Sletto sleit. Jan Inge Sørbo siterer Jørgen Handeland: «Olav Sletto høyrer til stortrea i nynorsk bokheim». Bjarne Birkeland slår også fast at namnet hans vil bli ståande i norsk litteraturhistorie. 44 bøker skreiv han frå 1908 til 1963, det året han døydde. Ein imponerande produksjon. Likevel er han mindre kjent enn andre i sin forfattar-generasjon: Sigrid Undset, Johan Falkberget, Olav Duun.

Det, skriv Sørbo, kan ein undra seg over, for produksjonen hans imponerer både i mengde og kvalitet. Med lokalt utgangspunkt i Hol i Hallingdal utvikla Sletto seg til ein «døl» av Vinjes type, ein som var både internasjonal og moderne, lokal og tradisjonalist.

I Nynorsk litteraturhistorie er Sletto ein av dei Sørbo innordnar overskrifta «Frå morgonmenn til modernitetskrise». Dette er prosadiktarar som debuterte mellom 1905 [unionsoppløysinga med Sverige] og 1914 [første verdskrigen]. Hit høyrer

forutan Olav Sletto, Kristoffer Uppdal, Olav Duun, Petra Kvisli, Halvor Floden og Mathias Orheim.

Dei levde i eit tid der organiserte nynorske rørslar hadde vind i segla, slik som mål- og ungdomsrørsla, og skulemålet. Og dei var med å skapa vinden. Noregs Ungdomslag sto sterkt. [Noregs Ungdomslag var oppdragsgivar for taleferdene Olav Sletto gjorde på bygdene i 1910-1917]. Noregs Ungdomslag var den viktigste drivkrafta, skriv Sørbø. Det var eit tett samarbeid mellom dei og folkehøgskulane. Målet var å fremje nasjonal kultur og *nasjonale* haldningar [nasjonale, ikkje nasjonalistiske]. Arbeidsformene i folkehøgskulane var demokratiske. Både jenter og gutar hadde talerett og fekk vera med å framføre egne tekster, diskutere aktuelle emne, skrive egne blad m.v..

[Om Sletto sjølv praktiserte dette idealet som folkehøgskulelærer stiller Arild Mikkelsen spørjeteikn ved i sin artikkel om Olav Sletto og folkehøgskulen, Årshefte 2018].

Dei byggjer arbeidet sitt på «kristeleg nasjonal grunn». Dei er fråhaldsfolk og har streng moral; reinleiksidealet står sterkt. Dei vil vise pietistane at ein kan leva eit reint ungdomsliv også utan helvetestru og trugsmål. Mennesket er gudskapt og godt, og syndefordervet må ikkje overdrivast. Den frilyndte teologen Anders Hovden vart høvdingen i forfattarflokken som Olav Sletto var ein del av, slik Sørbø ser det. Og rørsla har forventningar til dei. Det individuelle skulle tonast ned. Dei hadde ein jobb å gjera - som kollektiv.

MEN - - - Dette høvde nok ikkje heilt forfattaren Olav Sletto. Han held fram som individualist i heile sin forfattarskap, men verdiane dei nynorske rørsleane la til grunn, var også hans. Målfolk har aldri klart gå i takt, konstaterer Sørbø. Det galdt synet på korleis livet skulle levast og korleis det skulle diktast: Ikkje for svartsynt, ikkje ta trua frå ungdommen, gestalte positive førebilete i bøkene. På det sporet var Sletto. På sitt vis.

Kva hende så i åra etter unionsoppløysinga, då det fremste målet for nynorskrørsleane var nådd? Jau, skriv Sørbø, dei vart innhenta av uventa historiske hendingar: Fyrste verdskrigen 1914-18 og den russiske revolusjonen i 1917. Dette tvang fram problematiseringar av det nasjonale som fundament i dei nynorske rørsleane. Var kan hende klasse eit like viktig omgrep for forståing av krigen, revolusjonen, mellommenneskelege forhold og samfunnet, og dermed for den vidare stig for dei nynorske?

Eg har ikkje svaret, men det som synest klart er at Olav Sletto var av dei som held seg til den gamle stig. Han hata, som vi har høyrte, det moderne - med industrialiseringa, all skitt og støy, arbeidarane og kvinnene sin kamp for like rettar som menn, det urbane liv med si sædløyse og oppløysing av truslivet. Han kalte seg sjølv idealrealist, og diktinga si hevda han var idealrealisme. Han var individualist og held fram med å skrive med godheit, med det for auga å bidra til lesaren sin åndelege vekst.

Etter debuten vende han seg mot historisk-religiøse tema, og der vart han heilt fram til 1939, då han ga ut den fyrste boka om Per, Per Spegil. Då var han atter på

debutsporet med det deikalla heimstaddikting. Fyrst då hausta han atter fagnad, etter år med litterær ørkenvandring, slik hovudstadskritikarane såg det.

### **Olav Sletto og det religiøse**

La meg så vende attende til Olav Sletto sett i lys av Stein Rokkan, spenninga mellom sentrum – periferi og det motkulturelle som uttrykk for periferiens protest mot sentrum. Olav Sletto valde bustader så vel som arbeidsstader i periferien. Han hørde med sitt verdigrunnlag, sin ståstad innan kunst og kultur til dei som Stein Rokkan kalla motkulturelle. Eg har prøvd vise at det var han også i sine historisk-religiøse bøker.

I storverket LOKE [Loke, Domen, Millom eldar og Skyming] gjekk Sletto til den norrøne og kristne mytologien. Bøkene kom ut frå 1915-1918 på eige forlag. Men både før og etter LOKE, skreiv han, som eg har vist, bøker med bibelhistoriske emne. Han hadde ein nokså stabil lesarkrins – i periferien, mens kultureliten i sentrum/hovudstadskritikarane lite forsto av innhaldet. Slettos dialektprega landsmål var heller ikkje lett å begripe. Alle hylla han likevel som stilist. Ville dei ikkje forstå? Ein kan undre, når tilmed Kristian Schelderup [1894-1980], den unge radikale og etterkvart meir liberal prest og biskop, lurte på om Sletto tenkte gå inn i Jesu stad då Porten kom i 1922 – slik Olav Sletto sjølv refererte kritikken i brev til kona Karin. Han var, og han hadde grunn til, å kjenne seg mistydd, tenkjer eg. Men verst var det å bli *nedtagd* av dei som telte blant kultureliten i hovudstaden. Alt dette gjekk sterkt inn på han, sjølv om han prøvde vera suveren.

Men spørsmålet var om Olav Sletto også var motkulturell i si religiøse dikting – innhaldsmessig – i si tolking av hendingar og personar frå bibelsoga? Var han så å si i ein religiøs periferi? Han er ganske dobbel her, tenkjer eg, og undrar meg på om dette kan henge saman med hans oppvekst i Hol? Lars Reinton skriv i band II av Holsbøkene om fleire vekkingsrørsler i Hol på 1800-talet, men konkluderer med at bygdefolket slutta opp om statskyrkja – mykje av gamal vane. «Skikk-og-brukmakta har vore sterk i bygda» [s. 294], mens andre meiner «menigheten er meget høikirkelig», og at det var liten grobotn for sekteriske rørsler [Sandberg i «Norges prestegjeld 1918, ref. i L.Reinton bind II]. Altså ser dei på det religiøse livet i Holsbygda som høgkyrkjeleg orientert.

I 1927 konverterte Lars Eskeland, Olav Sletto sin gamle lærar og rektor ved Voss folkehøgskule, til katolisismen. Hans gamle elev, gjekk ut med eit uvanleg sterkt forsvar for Eskeland. Det kan vera ein indikator på at Olav Sletto var høgkyrkjeleg. Sørbø held han nok meir for grundtvigianar, og Alf Larsen insisterer på at han var inspirert av Rudolf Steiner og antroposofien.

I alle fall var det det åndelege som var viktig for Olav Sletto, både privat, i lærargjerninga og i diktinga hans. «Det åndelege er alt for meg».

Han hadde sans liten for statsteologane. Det vart for stivt og akademisk. Prestane hørde da også til embetsmannsveldet, dvs. den urbane elite. Men Sletto var likevel godven med mange liberale teologar og prestar. Prest i Hol 1895-1912, Einar Høyer, var t.d. Olav Sletto sin forlover i 1911 [in absentia], og Kristian Schelderup var med sin pasifisme eit ideal for Sletto. Presten Anders Hovden betydde mykje for han. På 1920-talet var han på antroposofi-teosofisporet, og oppsøkte slikt miljø i Stockholm under ei studieferd der kring 1920. Sletto hadde sine åndelege røter i antikken [Platon og det vakre]. Han var djupt innlese i tysk historie og filosofi. Goethe betydde mykje for han. Han kjende den norrøne og kristne mytologi ut og inn, og let seg også inspirere av østens mystikk og gamal folketru. Han kalla seg både mystikar, spiritist og okkultist. Det var litt av eit spenn i denne forfatternen si religiøse verd. Ein kan med rette si at Sletto var ein lærd mann. Han var ein klassikar, men ingen akademikar.

### **Det store pedagogiske prosjektet: Åndeleg vekst eller fortida som vegvisar inn i framtida, farvel til framtida og velkomen til fortida**

Kva var det Sletto leita etter? Eller kva var den raude tråden i skrivinga hans? Kanskje kan det formulerast slik: Olav Sletto opplevde sitt kall som forfatter dithen at han skulle vera ein vegvisar for (fjell)bonden. Han, og lesarane ellers, skulle førast fram til åndeleg vekst. Det var kallet. Det var hans store pedagogiske prosjekt, kan ein kanskje si.

I refortolkinga av bibelfortellingane, søkta han attover for å finne rette stigen framover. Den som førte til åndeleg vekst. Det prosjektet grunnstøytte i mellomkrigstida, kan ein kanskje si. Det var ikkje berre den kulturelle hovudstadseliten som svikta. Salstala tala også sitt tydelege språk. Sletto måtte innsjå at han måtte reorientere seg. Men korleis?

Sjølv viser han til venen Lars Reinton og fyrste bind av bygdehistoria for Hol. Den kom i 1938, og ga sterke impulsar for Olav Sletto til å vende heimover. Det gjorde han ved å skrive Per Spegil, den fyrste av dei fire bøkene om Per og hans oppvekst i ei liten fjellbygd på slutten av 1800-talet. Per er i mangt ganske lik den som gestaltar denne vesle guten. Boka kom i 1939, og hausta fagnad, på same måte som «Dei gamle» i si gjorde det. Og slik gjekk det med resten av Per-serien og heile «Soga um Røgnaldfolket».

Er det nokon raud tråd i Olav Slettos liv og forfattarskap? Eg tenkjer at det er det. Og at den raude tråden ligg i kallet hans: Skrive folk til åndeleg vekst. Det gjorde han i sine historisk-religiøse bøker, det gjorde han i heimstaddiktinga si. I bibelfortellingane viste han vegen framover ved å gå til historia. Då dette prosjektet stranda, retta han blikket attover – til heimstaddiktinga – og vart der.

Eg trur han trivdest der. Den varme, harmoniske og humoristiske pennen tyder på det.

### **Den svarte tråden i Olavs liv**

Likevel er det ikkje alltid harmoni mellom det ytre og det indre liv. Eg tenkjer at det også finst ein annan tråd her. Han er svart, krullar seg kring den raude tråden, og heiter einsemd. Ei djup einsemd som ter seg, skriv Olav til Karin i 1911, som eit stort, mørkt rom som fyller heile hans indre. Han lir av morssakn, lir av ein lengt etter ei mor som forlet han som spebarn. Depresjonen er følgjesveinen til hans einsemd.

Berre Karin kan fylle dette mørke rommet med lys. Berre ho kan stette morslengten hans. Utan henne vore livet lite verdt leva, skriv han. Så gestaltar han henne, skapar seg eit bilde av Karin, slik *han* treng henne. Dette bildet var det han kom til å elske, skriv han til henne 43 år seinare. Kven ho var som menneske visste han ikkje. Skriv han.

Har vi han no? Olav Sletto? Neppe! Men knaggane for min tanke kan kanskje vera ansatsar for djupare og breidare studier av denne unike og særeigne diktaren frå Holsbygda?